Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 ~~Brynet~~

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ringebu

Emne: Brynet

Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen

Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd

G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Alle svar av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bryne (eit), verbet er bryne. For knivar held ein brynet stille og fører kniven over bryne, elles held ein vanleg eggjarnet stille og fører brynet att og fram over eggen. Ei serskilt form for bryning er å kortja ljåen.

Hein er eit finare bryne som ein anten brukar åleine eller baketter eit vanleg bryne for å få finare egg. Verbet er å heine. Hein er hokjønn.

2. Det er mest brukt bryner av kunststein. Naturleg brynestein er det lite av i bygda, men den steinen som er har nok av og til vore nytta. Frå gamalt var det kjøpt brynestein frå Vågå (Skårvangsbryner) og andre stader.

3. Såvidt eg kjenner til vart alle reidskapar fyrst slipte.

4. Gamle folk minnest at dei har høyrt fortalt at dei før i tida banka ljåen tunn istaden for å slipa han.

6. Ein slipar gjerne ljåen til kvar ökt, men det har jo litt å segja korleis slåtten er.

7. Det hender ein brukar fyrst eit gröve og så eit finare bryne. Slåttekarar frå her i bygda som var utanbygds på slått kunne fortelja at dei i sume bygder brukte sandstikker til å bryne med. Det var trestykker duppa i våt sand.

8. Ljåen sit alltid på orvet når dei slipar han.

9. Ein set orvet i bakken, ~~og~~ slik at den enden av orvet ljåen sit på når opp i vinstre armhola.

Stuttorv brukast ikkje her i bygda.

10. Brynstokk eller brynkopp. Laga av tre.  Brynstokk.

12. Slåttekaren har ljåbelte. Og brynestokken heng i beltet midt på baken.

13. Ja ein brukar alltid vatn.

14. Brynsand.

19. Det var alminneleg brukt og spytte på brynet eller heina når ein brynte anna enn ljå. Om det låg nokor djupare meining bak det er uvisst.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
256